



# Møteprotokoll

## Sjernarøy sokneråd

Møtedato:	20.05.2025 kl. 16:00
Møtestad:	Innbyggartorget
Arkivsak:	23/05399
Til stades:	Kari Hidle, Håkon Arne Eide, Ragnhild Frøyland, Sissel Haavik Vadla, Benny Tysdal Helgeland, Grete Hiim, Ola Aasland Vold
Frammøtte varamedlemer:	Beate Hauge Østlund
Forfall:	Else Norheim
Andre:	Geir Eskeland
Protokollførar:	Heidi Bø Sangedal

SAKSLISTE		Side
<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>		
<a href="#">22/25</a>	Godkjenning av innkalling og sakliste	2
<b>Godkjenning av protokoll</b>		
<a href="#">23/25</a>	Godkjenning av protokoll frå førre møte.	3
<b>Saker til behandling</b>		
<b>Åpen halvtime</b>		
<a href="#">24/25</a>	Samarbeidsform mellom sokna	3
<a href="#">25/25</a>	Revidering og godkjenning av etiske retningslinjer i arbeidet med barn og unge.	4
<a href="#">26/25</a>	Revidering av budsjett for 2025	5
<a href="#">27/25</a>	Diverse kulturarrangement framover	5
<a href="#">28/25</a>	Den gamle kyrkjestien	6
<a href="#">29/25</a>	Kva vil soknerådet tilrå at ein gjere med sjeldan gravstøtte?	7
<b>Orienteringssaker</b>		
<a href="#">30/25</a>	Orienteringssaker	8
<b>Eventuelt</b>		

Finnøy 07.07.2025

Kari Hidle  
Leiar

Heidi Bø Sangedal  
Sekretær

**Møte var ute i solveggen 😊**

**Opning ved Kari om bøn.**

**Fokus: Musikk og gudstenesteliv.**

*Ola innleia med å snakka om korleis gudstenesta er bygd opp. Dialog i rådet om musikk og ros til organisten.*

### **Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **22/25 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	20.05.2025	22/25

### **Saksorientering**

Innkalling og sakliste er sendt ut til medlem og alle varamedlem om lag ei veke før møtet.

### **Forslag til vedtak**

Innkalling og sakliste vert godkjent slik den ligg føre.

### **Vedtak**

Innkalling og sakliste er godkjent slik den ligg føre.

[Lagre vedtak]

## **Godkjenning av protokoll**

### **23/25 Godkjenning av protokoll frå førre møte.**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	20.05.2025	23/25

#### **Saksorientering**

Referat frå førre møte er sendt ut til dei frammøtte og evt innspel er tekne med i det endelege referatet som ligg ved.

#### **Forslag til vedtak**

Referat frå førre møte vert endeleg godkjent.

#### **Vedtak**

Referat frå førre møte er endeleg godkjent.

[Lagre vedtak]

#### **Saker til behandling**

### **24/25 Samarbeidsform mellom sokna**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	20.05.2025	24/25

#### **Saksorientering**

Me hadde eit felles soknerådsmøte for Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn på Sjernarøytunet 25. mars. I møte som kjem deler me erfaringar frå dette møte og evaluerer møteform, samt snakkar om vegen vidare. Er dette noko me vil gjere

årleg? I så fall ønskeleg at me rullerer på kva sokn me har møte i? Er det ønskeleg at staben er med? Kor lenge skal det vare? Bevertning? Tema?

### **Forslag til vedtak**

Evaluering og vedtak i møtet.

### **Møtehandsaming**

*Evaluering av felles møte i Sjernarøy – veldig kjekt, vil gjerne ha det fast kvart år. Ha færre saker og gjerne kun felles saker elles blir det vanskeleg for dei som har fleire roller som sokneprest og dagleg leiar.*

### **Vedtak**

**Soknerådet rår til at det blir eit årleg felles møte.**

[Lagre vedtak]

## **25/25 Revidering og godkjenning av etiske retningslinjer i arbeidet med barn og unge.**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	20.05.2025	25/25

### **Saksorientering**

Vedlagt er ei revidert utgåve av brosjyren som gjeld tematikken, samt revidering av hovudpunktene, samt ein avtale som me vil at leierane av kontinuerlege tiltak i vår regi skal gjerast kjent med og skrive under på. Dette gjeld pr i dag styringsgruppa for Open hall.

### **Forslag til vedtak**

Soknerådet godkjenn retningslinjene slik dei ligg føre evt med endringar som kjem fram i møtet.

### **Vedtak**

Soknerådet godkjenn retningslinjene slik dei ligg føre.

[Lagre vedtak]

## **26/25 Revidering av budsjett for 2025**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	20.05.2025	26/25

### **Saksorientering**

Vedlagt er rekneskap for våren 2025 pr. 30. april – 2025 Det er eit overforbruk på om lag 10 000,- til no dette året. Dette skuldast at kyrkjelyden bruker meir pengar til drift av kultur, konfirmantarbeid, diakoni, bevertning enn det ein har fått inn i offer til eigen kyrkjelyd. Så har ein heller ikkje fått utbetalt kommunal støtte enno.

### **Forslag til vedtak**

Rekneskapen vert teken til orientering og ein foretek evt ein justering av budsjettet i møtet.

### **Vedtak**

Rekneskapen er teken til orientering og det er ikkje gjort endring i budsjettet.

[Lagre vedtak]

## **27/25 Diverse kulturarrangement framover**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	20.05.2025	27/25

## **Saksorientering**

Fredag 13. juni – sjå plan og oppsett for program.

Fredag 27. juni kl 1900 Ombo grendahus – gratis arrangement. Motteke støtte på kr 15000 frå nabolagspotten i Stavanger kommune for markering av 900 årsjubileumet og utvandrarjubileumet. Desse pengane går i sin heilhet til Torolf Nordbø og lyd v/Geir Landa. Helselaget sel mat. Har søkt støtte hjå KKM – får svar i juni. Bør evt ta kollekt for inndecking av utgifter som leige av lokalet og honorar til andre utøverar.

Fredag 29. aug. kl 1900 i Sjernarøy kyrkje – gratis arrangement. Motteke støtte på kr 10 000 frå nabolagspotten i Stavanger kommune for markering av 900 årsjubileumet og utvandrarjubileumet. Har søkt KKM om meir støtte. Me treng 5000,- til lyd og evt meir til honorar til andre og bevertning. Bør ta kollekt.

Program og medverknad blir planlagt i møtet.

## **Forslag til vedtak**

Drøftingsak.

## **Møtehandsaming**

*Håkon gjorde greie for 13. juni – soknerådet kjøper inn «matpakke» til elevane når dei kjem til Judaberg, evt sponsar COOP oss litt. Elevane held på med brevprosjekt som skal sendast med eit følgje til Amerika.*

*Fredag 27. juni Ombo oppvekstsenter: Gratis arrangement, helselaget sel pølser osv Bør gje høve til kollekt til soknet for inndecking av utgifter. Mogleg me får støtte frå KKM (Fellesrådet og kommunen).*

*Fredag 29. aug. Sjernarøy kyrkje – Komite for arrangementet: Beate og Håkon og evt fleire frå Sjernarøy. Ein vil også legge opp til litt allsong.*

## **Vedtak**

Saken er teken til orientering.

[Lagre vedtak]

## **28/25 Den gamle kyrkjestien**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	20.05.2025	28/25

## Saksorientering

Det er kome ønske om at den gamle kyrkjestien skal kunne nyttast av folk som er på tur eller som skal gå ein snarveg til kyrkja. Dette kan og vere av historisk interesse. Dei som har kome med innspel om dette vil at dette skal vere ein soknerådsak sidan denne stien har vore frå gamal tid og hatt med kyrkja å gjere. Dagleg leiar har vore i dialog med representant for grunneigar Eileen Rag Norheim. Det er frå deira side blitt sjekka ut med Stavanger kommune og miljødirektoratet at dette ikkje er ein offentleg sti. Det er derfor opp til grunneigar å avgjere om folk kan bruke stien eller ikkje. Stien går like ved huset og gjennom gardstunet deira. Det er også gardsdrift med ungdyr og sauер. Ved Sjernarøytunet går også stien like ved hovudinngangen til huset. Det er derfor ikkje ønskeleg at stien nyttast til gjennomgang. Det blei fortalt at det er ein alternativ sti som er tilrettelagt til tursti frå Sjernarøytunet via ein grusveg på eigedomen til Kari og Jone Vadla og vidare til Eikåsen. Denne stien har ein avstikkar via Olav Aukland sitt hus til kyrkja og kjem opp ved parkeringsplassen, dette tek om lag 10 min. Elles er det som kjent køyrbar veg frå kyrkja til blant anna Sjernarøytunet.

## Forslag til vedtak

Soknerådet tek dette til orientering.

## Møtehandsaming

*I saksframlegget som også blei kort referert til i møtet kjem det fram at grunneigar ikkje ønsker at den gamle kyrkjestien nyttast. Det er ei alternativ rute som er lagt til rette for tursti.*

## Vedtak

Soknerådet tek dette til orientering.

[Lagre vedtak]

## 29/25 Kva vil soknerådet tilrå at ein gjere med sjeldan gravstøtte?

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	20.05.2025	29/25

## **Saksorientering**

Me har teke vare på ei gravstøtte med det sjeldne namnet Tordenskjold. Kvar meinar soknerådet at denne støtta skal stå?

## **Forslag til vedtak**

Soknerådet kjem med sine innspel i møtet.

## **Møtehandsaming**

*Gamle gravstøtter fortel ei historie og bør tas vare på. Håkon Eide ønsker å vere i dialog om koss me kan gjere dette. Det er gravplass – sjefen som har siste ordet.*

## **Vedtak**

**Soknerådet ønsker at ein finn eigna plass for denne og evt andre historiske støtter som er tilknytta gravplassen.**

[Lagre vedtak]

## **Orienteringssaker**

### **30/25 Orienteringssaker**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	20.05.2025	30/25

## **Saksorientering**

Sakene forventast gjennomlesne eller blir referert direkte i møtet.

## **Forslag til vedtak**

Sakene er tekne til orientering.

## **Møtehandsaming**

*Revidert rekneskap for 2024 – ligg ved til gjennomsyn.*

*Referat frå Fellesrådet – ligg ved som link til gjennomsyn.*

*Viktig å få på plass betre toalettforhold i Jørstad og plakattavla ved Sjernarøy må fornyast. Heidi sjekkar med vaktmester, Håkon kan bistå.*  
*Protokoll frå årsmøte i Kirkens SOS – ligg ved til gjennomsyn.*  
*Fasteaksjonen gav kr 5567,- til Kirkens Nødhjelp. Får inn meir pengar ved å gå frå dør til dør, dette kan gjerast når dei er mange.*  
*Kort resymé frå rådsleiararsamlinga på Statens hus 29. mars v/Heidi*  
*Diverse arrangement Jubileum 900 år – Hesby sitt tusenårsspel 6.- 9. nov. Tungenes prosti si jubileumshelg 7.-9.nov.*

*Konsert med Mari Hauge 1.juli kl.19.00 og 21. des. kl 1700 – me lagar plakat på kyrkjekontoret. Mari ordnar sjølv billettsalg. Det bør vere ein tilsett tilstades på konsertkvelden. Ho leiger kyrkja til arrangementet.*

*Evaluering 17. april og 8. mai – få frammøtte fleire på Ombo som var tilknytta ein gudsteneste, 9 stk ved støtta på Sjernarøy 8. mai.*

*Info frå diakoni – og trusopplæringsutvalet – referat kjem til neste møte.*

## **Vedtak**

Sakene er tekne til orientering.

[Lagre vedtak]

## **Eventuelt**

*Ønske om eit samlingspunkt for unge ca 5. – 10. kl. – på skulen x 1/mnd. Prøver lokalt å finne ein egna dag for dette frå hausten av. Program: Andakt, ballspel, brettspel mm Kiosk. Tilsette og andre kan komme og halde andakt i starten av arrangementet. Lokal styringsgruppe v/Beate og Ragnhild og evt fleire.  
Det blei lufta om evt robotklipping kan vere eit alternativ på gravplassane våre – usikker på om det er praktisk. Pr i dag har Sjernarøy bygdeservice klipping i Sjernarøyane og Irene Eide på Jørstad.*

**Me avslutta inne i kyrkje med song og gitar v/Håkon – tusen takk for fin avslutning!**